



## MØTEREFERAT

### Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

<b>Referat frå:</b> Styringsgruppa	<b>Møtedato:</b> 23.01.2015	<b>Tid:</b> 09:30 – 12:00
<b>Møteleiar:</b> Tom-Christer Nilsen	<b>Møtestad:</b> Grand Terminus	<b>Arkivsak:</b>
<b>Referent:</b> Snorre Waage	<b>Ref.dato:</b>	<b>Arkivnr.:</b>
<b>Deltakarar:</b> Tom-Christer Nilsen, Aud Karin Oen, Mona Haugland Hellesnes, Nils Kåre Skoge, Gustav Bahus, Ann Iren Fagerbakke, Siv Høgtun, Eli Berland, May-Eva Sandvik, Nils Marton Aadland, Jon Askeland, Marit Aksnes Aase, Eirik Haga, Åse Gunn Husebø, Beate Bergsholm Lindgård, Rune Haugdal, Hans-Christian Engum, Snorre Waage		

### Referat frå møte i styringsgruppa – Regional plan for Bergensområdet 23.01.2015

Fylkesordførar ønskte alle velkommen til møtet.

#### 1/15 Dagsorden og referat frå førre møte

Ingen merknader

#### 2/15 Status for utgreiingar

Orientering frå Hordaland fylkeskommune. Ingen merknader.

#### 3/15 Disposisjon for planen

Endre «Handlingsprogram» til «Tiltak» i kvart kapittel.

Kapitla skal ha så lik struktur som mogeleg.

Under plantema «parkering» vil ein omtale pendelparkering (innfartsparkering), bustadparkering, arbeidsparkering og handelparkering.

#### 4/15 Målutforming – drøfting

##### Overordna mål og strategiar:

Overordna mål: «Det skal vere god balanse mellom arbeidsplassar og bustader sett i forhold til regionen, kommunen og bydelen sin funksjon og storleik.»

Innspel: Denne formuleringa bør bli endra. Ein bør vurdere å avslutte setninga etter «regionen», lydande: «Det skal vere god balanse mellom arbeidsplassar og bustader i regionen.». Eventuelt kan målet bli omformulert. Styringsgruppa må kome attende til denne målformuleringa i seinare møter.

## 5/15 **Senterstruktur og utbyggingsmønster:**

Mål: «*X % av veksten i arbeidsplassar og bustader skal kome innanfor hovudstrukturen (denne er avhengig av val av alternativ).*».

Innspel: Innspel på å fjerna %-sats for fordeling av arbeidsplassar og bustader i senterstrukturen, og erstatte med rundare formulering.

Kan eventuelt bruke: «*Hovudtyngda av veksten i arbeidsplasser.....*».

Styringsgruppa må kome attende til denne målformuleringa i seinare møter.

### **Regionalt Transportsystem:**

Mål: Må definere kva som meinas med «*viktige*» reisemål.

Innspel om å leggje til omgrepet «*god mobilitet*»: «*Bergensområdet skal ha eit effektivt transportsystem som gir miljøvenleg og trygg transport og god mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål*».

Spørsmål om innfartsparkering bør nemnast i målformuleringane. Innspel om at dette er meir eit verkemiddel og tiltak enn eit mål. Gruppa må kome attende til problemstillinga når ein ser heilskapen i planen.

Delmål 2: «*Infrastruktur for gåande skal bli prioritert innanfor vekstsonene og knytt til grunnskular*»: Forslag om å legge til andre områder som og er besøksintensive for gåande, som mellom anna turistattraksjonar, badeplasser osb. Vurder om dette i så fall høyrer meir heime under tiltak i planen.

Delmål 3: «*Sykkelinfrastrukturen skal dimensjonast for ein auka sykkelandel*»:

Innspel om å leggje til andelstala som Regional transportplan for Hordaland legg til grunn. Ein bør nytte så like målformuleringar som andre planar som mogeleg. Det kan vere ulike tidshorisonar i planarbeida, dette må det bli tatt høgde for.

Delmål 4: «*Veginfrastrukturen skal leggje til rette for effektiv og sikker framkome for nærings- og teneste-transport*» endras til «*Veginfrastrukturen skal leggje til rette for effektiv og sikker framkome for nærings- og tenestetransport og kollektivtransport*».

### **Bustadområde:**

Delmål 2: «*Alle bustadområde skal vere sikra nærleik til barnehage/skule/sosial infrastruktur og tilgang til leikeareal/grøntareal*».

*Innspel:*

- Ei slik formulering vil gjere det svært vanskelig å satse/bygge i perifere områder i Bergensområdet
- Må presisere kva *nærleik* betyr. Forståinga av «*nærleik*» for gruppa er frå 2-4 km.
- Ordlyden i møtet er at ei slik formulering er for avgrensande for kommunane sitt handlingsrom
- Dette er ei regional plan, og det bør vere eit regionalt fokus. Blir vanskelig om planen blir for detaljert.
- Dette er eit viktig punkt i planen – må samkøyrast med budskap og formulering i senterplanen.

- Ynskjer å kunne ta heile kommunen i bruk, men er kan vere einig at ein bør prioritere utvikling i/nær definerte senter og langs kollektivaksar
- Presisere at dette gjelder for «større bustadområde» - då er dette ei akseptabel målsetting for kommunane. Må definere kva «større bustadområde» betyr.
- Forslag: «*Større bustadområde skal i hovudsak vere sikra nærleik til barnehage/skule/sosial infrastruktur og tilgang til leikeareal/grøntareal*»
- Ha med eit punkt om trafikktryggleik. Dette høyrer moglegvis heime under transportdelen.
- Gruppa må kome attende til desse målformuleringane.

### **Næringsareal:**

Delmål 2: «*Nye næringsareal skal lokalisert på ein eigna måte i forhold til transportinfrastruktur og senterstruktur.*»

Innspel:

- Dersom ein planlegg for nye større næringsområde er dette ofte i område utan eksisterande infrastruktur.
- Utdjupe kva som meinast med «eigna område».
- Dette må forklarast i resten av teksten i planen.

Delmål 3: «*Alle næringsareal skal vere arealeffektive.*»

- Arealeffektivitet inneber at ein skal utnytte areala på ein effektiv måte. Vil sjåast i samanheng med næringsstypen. Vil vere differensiering mellom områder slik det kjem fram undre retningslinene.

### **Grønstruktur:**

Mål: «*Utbygging i Bergensområdet skal i så liten grad som rå føre til nedbygging av, eller redusere verdien av viktige areal for naturmangfald, landbruk, landskap, friluftsliv og kulturmiljø.*»

Innspel:

- Det blir etterlyst delmål.
- Etterlyser at målformuleringar blir snudd til noko positivt.
- Gruppa meiner det bør gå eit skilje mellom naturmangfald, landbruk og kulturmiljø som er passive (treng å vernast om), og landskap og friluftsliv som er positive og bør framhevast som ein ressurs og tilgjengeleggjeras.
- «*I så liten grad som rå...*» opplevast som for negativt lada.
- Planen handlar i hovudsak om utbygging, derfor viktig å adressere målkonfliktane: som gode utbyggingsareal vs. gode landbruksareal. Planen må prioritere.
- Dette er et godt formulert mål. Det er slik vi må gå inn i framtida. Dette er eit forsøk på å bremse den betydelege nedbygginga som i dag finn stad
- Dette er ein overordna og regional plan, detaljane må bli utarbeida i kommuneplanane.
- Bør ha delmål som legg opp til aktivt friluftsliv.
- Vi skal søke å bevare, men vi bør og ha med noe som er positivt vinkla.
- Foreslått formuleringsendring:
  - «*Utbygging i Bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landbruk og landskap, og legge til rette for aktivt friluftsliv og bruk av kulturmiljø og natur*»

- «Utbygging i Bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landbruk og kulturmiljø og legge til rette for bruk av natur og landskap gjennom aktivt friluftsliv».
- Styringsgruppa må kome attende til desse formuleringane når ein ser heilskapen i planen.

## 6/15 **Kapittel 5 – Næringsareal og arbeidsplassar (Vedlegg)**

Presentasjon frå HFK – gjennomgang av bakgrunn og kva ein ønskjer å oppnå under «Næringsareal og arbeidsplassar.»

Føreslåtte drøftingspunkt fori gruppa:

- i)Balanse,
- ii)lokaliseringsprinsipp for næring,
- iii)kommunar i ulike næringskategoriar

Innspel:

- Ønskjeleg at ein tar høgde for fleksibilitet i næringslivet, trendar kan skifta fort.
- Gruppa er ikkje ute etter eit «nei-dokument», men ønskjer ein plan som legg til rette for vekst, og ikkje er begrensande.
- Omhandlar planen sjøtransport for næringa (gods)?
- I kapittel 5.3.1 bør ein sjå nærare på formuleringane, kva meiner ein eigentleg her? Må formulerast tydelegare.
- Kapittel 5.3.3.1. Avsnitt to er for detaljert. Semje i gruppa om at dette blir strøken.
- Retningsline nr 1. Innspel om at det er vanskeleg å sjå kommunen isolert frå resten av regionen. Det må kunne bli tatt høgde for at f.eks nabokommunar ikkje har næringsareal.
- Retningsline 7.a.: «Areakrevjande handel skal lokaliserast med god mogelegheit for kollektivtransport og knytt til overordna hovudveg i B-område som gitt i kart»
  - Bør strykast. Ny retningsline for arealkrevjande handel blir utarbeida og fremja for styringsgruppa.

## 7/15 **Framdrift og vidare prosess**

Neste møtedato kolliderer med møte i Bergensalliansen på Austevoll. Avklårast snarast.

## 8/15 **Eventuelt**